



DET KONGELIGE MILJØVERNDEPARTEMENT

KONTOR: MYNTGT. 2 - TLF. 11 90 90 - RIKSTELEFONER OG FJERNVALG TLF. (02) 41 90 10
POSTADRESSE: POSTBOKS 8013, OSLO-OEP., OSLO 1

REGULERINGSFØRESEGNER I TILKNYTING TIL REGULERINGSPLAN FOR ASKELUND-SJØTUN

§ 1.

Det regulerte området er vist på planen med reguleringsgrense.

§ 2.

I området kan det førast opp bustadhus med inntil 1 etasje med tilhøyrande garasje. Der terrenget, etter bygningsrådet sitt skjønn, ligg til rette for det, kan det gjevast løyve til å innreie underetasjen i samsvar med føresegnene i byggeforskriftene.

§ 3.

Skulebygg/internat kan oppførast i inntil 2 etasjer. Der terrenget, etter bygningsrådet sitt skjønn, ligg til rette for det, kan det gjevast løyve til å innreie underetasjen (sokkeletasje) i samsvar med føresegnene i byggeforskriftene.

§ 4.

Bygningane si grunnflate, inklusive garasje, må ikkje vere over 20% av tomta sitt nettoareal.

§ 5.

Bygninga si gesimshøgde må ikkje vera over 3.5 meter for hus med 1 etasje og 5.5 meter for hus med bustadrom i underetasje.

§ 6.

Gesimshøgde for internat/skulebygg må ikkje vera over 4.0 meter for hus med 1 etasje, 7.0 meter for 2 etasjer og 10 meter for hus med rom i sokkeletasje.

§ 7.

Bygga skal plasserast som vist i planen. Men når omsyn til nabobygninger eller terreng tilseier det, kan bygningsrådet, innanfor byggegrensene, godkjenne anna plassering av bygga.

§ 8.

Garasjer bør helst oppførast som tilbygg til bustadhuset. Der terrenget tilseier det kan bygningsrådet med samtykke av vedkomande vegstyremakt gje løyve til å føre opp garasje ved bustadveg i ein minimums avstand frå ytre skulderkant på 1.5 meter. Garasjen kan berre oppførast i 1 etasje med grunnflate ikkje over 35 m². Garasje kan innanfor ramma av føresegnene i byggeforskriftane, oppførast i nabogrense. Garasjen si endelege plassering vert fastsett av bygningsrådet. Plassering av garasje skal vera vist på situasjonsplan som fylgjer byggemeldinga for bustadhuset, sjølv om garasjen ikkje skal oppførast samstundes med dette. I tillegg til garasje skal det vera oppstillingsplass på eigen grun for 1 bil.

§ 9

Bygningane skal ha saltak eller valmtak. Takvinklar vert fastsett av bygningsrådet, som kan krevje at bygningar i same gruppe eller lange same vegstrekning skal ha same takvinkel.

§ 10.

Bygningsrådet skal ved handsaming av byggemeldinga ha for auga at busetnaden får ei god form og materialhandsaming og at bygningar i same byggefelt får ei harmonisk utforming. Farge på hus skal godkjennast av bygningsrådet.

§ 11a

Utførelse av gjerde, høgde og farge skal godkjennast av bygningsrådet.

§ 12.

Friområde.


I friområda kan bygningsrådet gje løyve til å føre opp bygningar som har naturleg tilknytning til friområda, f.eks. barnepark med tilhøyrande bygg, når desse, etter rådet sitt skjøen, ikkje er til hinder for områda sitt bruk som friområde.

§ 13.

- a. Eksisterande vegetasjon bør ein prøve å lata stå.
- b. Avkøyrsløse til offentleg veg skal vere oversiktleg og mest mogeleg trafikksikker i fylgje Vegnormalane.
- c. Ingen tomt må plantast på med tre eller busker som etter bygningsrådet sitt skjøen kan vera sjenerande for den offentlege ferdsel.

§ 14

Mindre vesentlege unntak frå desse reguleringsføresegner kan, der særlege grunnar talar for det, tillatast av bygningsrådet, innanfor råma av bygningslovgivninga og bygningsvedtektene for Balestrand kommune.



Stadfestet den 13 DES. 1979 19

Etter fullmakt

Jens Arne Nordmark